

<b>Netto driftsresultat 2021</b>		
Opphavleg budsjett	<b>6 687 000</b>	<b>÷ 2,15 %</b>
Justert budsjett	<b>3 922 000</b>	<b>÷ 1,20 %</b>
<b>Rekneskap</b>	<b>4 355 000</b>	<b>1,24 %</b>
Sum driftsinntekter	<b>351 051 000</b>	
<b>"Skulle" vore</b>	<b>6 143 000</b>	<b>1,75 %</b>
<b>"For lite"</b>	<b>1 788 000</b>	

**Betring frå opphavleg budsjett til rekneskap:**

**Kr 11 042 000**

**Betring frå justert budsjett til rekneskap:**

**Kr 8 277 000**

## **Mykje av det gode resultatet i 2021 ligg i skatteinntekter og sal av konsesjonskraft:**

Inntekt	2021			2020
	Rekneskap	Justert budsjett	Opphavleg budsjett	Rekneskap
Skatt 1)	99 775 000	94 998 000	92 327 000	86 195 000
Konsesj.kraft 2)	11 853 000	9 975 000	3 705 000	3 903 000
<b>Sum</b>	<b>111 628 000</b>	<b>104 973 000</b>	<b>96 032 000</b>	<b>90 098 000</b>
<b><i>Meirinntekter i rekneskap 2021 (sum) målt mot:</i></b>				
Justert budsjett 2021	<b>6 655 000</b>	6,34 %		<b>9 431 000</b>
Opphavleg budsjett 2021	<b>15 596 000</b>	16,24 %		<b>17 514 000</b>
Rekneskap 2020	<b>21 530 000</b>	23,90 %		

- 1) Inkludert naturressursskatt og inntektsutjamning (skatteutjamning), men ikkje eigeidomsskatt.
- 2) I rekneskap 2021 er inkludert **kr 501.000** i årsavrekning for 2020 og **kr 106.000** i korrigerings/etterbetaling for 2019.

I tillegg har **programområde 3 «Helse og omsorg»** eit mindreforbruk samanlikna med justert budsjett på **kr 4.425.000**. Av dette utgjer «netto» løn kr 3.744.000 (85 %). Netto løn er alle lønspostane (inkl. pensjonspremie og arbeidsgjevaravgift), pluss vikartenester (konto 12702), men fråtrekt refusjonar frå NAV (sjukepengar, foreldrepenigar og feriepengar av desse). I justert budsjett er desse kostnadane **kr 100.251.000; dei vart kr 97.507.000, eit forbruk på 96,3 %** (så prosentvis er ikkje «skivebommen» så veldig stor, spesielt når han er rett veg).

**Disposisjonsfond**  
**Det "eigentlege" disposisjonsfondet.**  
**Balansekonto 25650001**

<b>Saldo 31.12.2020</b>	<b>14 439 000</b>
Bruk etter enkeltvedtak i 2021	÷ 93 000
Driftsoverskot 2021	4 734 000
<b>Saldo 31.12.2021</b>	<b>19 080 000</b>

I 2020 vart det gjort vedtak om bruk av disposisjonsfondet som ikkje er brukt/utbetalt pr. 31.12.2021 på **kr 1.200.000** til fiber/breiband. Disponibelt disposisjonsfond (balansekonto 25650001) pr. 31.12.2021 er då **kr 17.880.000.**